

Saksbehandlar: Einar Ulla, Sekretariat for kontrollutvala
Sak nr.: 16/1691-18

Forvaltningsrevisjon - Kulturminneforvaltninga i Sogn og Fjordane fylkeskommune - oppfølging av vedtak i FT-sak 10/17

Kontrollsjefen rår kontrollutvalet til å gjere slikt vedtak:

1. Rapport datert 28. mars 2019 etter oppfølging av forvaltningsrevisjon kulturminneforvaltning vert teken til orientering
2. Kontrollutvalet vurderer vedtaket i FT-sak 10/17 til å vere oppfølgt

Vedlegg:

- Rapport etter oppfølging av forvaltningsrevisjon kulturminneforvaltning datert 28. mars 2019

Andre relevante dokument i saka:

SAKSFRAMSTILLING

1. Bakgrunn for saka

Fylkestinget gjorde slikt vedtak i sak FT 10/2017 i møte 24.04.2017:

1. Fylkestinget tek rapporten etter gjennomført forvaltningsrevisjon av kulturminneforvaltninga til etterretning.
2. Fylkestinget ber fylkesrådmannen:
 - a. Gjennomføre risikoanalyse for å kartlegge om kulturminne av regional verdi som eventuelt kan stå i fare for å gå tapt. Basert på ei slik analyse kan fylkeskommunen vurdere om det er kulturminne som bør følgjast særskilt opp.
 - b. Betre rapporteringa knytt til kulturminneforvaltninga for å sikre:
 - i. Informasjon om omfanget av vesentlege oppgåver fylkeskommunen eventuelt ikkje lukkast med å gjennomføre eller strevar med å gjennomføre
 - ii. Informasjon om avvik i høve til måloppnåing
 - c. Bidra til å sikre sams praksis, kvalitet og effektiv sakshandsaming ved evaluering av eksisterande malar og rutinar.
 - d. Utarbeide skriftlege rutinar som sikrar kvalitet i arbeidet med kulturminne - forvaltninga
3. Fylkestinget ber fylkesrådmannen rapportere status på oppfølginga til kontrollutvalet innan utgangen av 2017.

Kontrollutvalet har mottatt oppfølging to gangar tidlegare vedr. denne forvaltningsrevisjonen. Den første tilbakemeldinga fekk kontrollutvalet 29. januar 2018. Denne statusrapporten behandla utvalet 27. februar i KU-sak 6/18, der det vart gjort slikt vedtak:

1. *Kontrollutvalet i Sogn og Fjordane fylkeskommune registrerer at mykje av forbetningsarbeidet etter forvaltningsrevisjon av kulturminneforvaltninga er ferdig gjennomført.*
2. *Kontrollutvalet ber fylkesrådmannen vurdere om det er tilfredsstillande, og i tråd med intensjonen i vedtaket til fylkesutvalet, at det skal ta så lang tid å få gjennomført kartlegginga av kulturminne av regional verdi.*
3. *Utvalet ber om ny status på arbeidet i form av skriftleg tilbakemelding innan 13.05.2018, vedlagt dei omtalte malane i punkt 2c-d.*

Utvalet mottok ny statusrapport 14. mai 2018. Denne rapporten vart behandla i kontrollutvalet 4. juni 2018 i KU-sak 28/18. Utvalet vedtok:

1. *Kontrollutvalet i Sogn og Fjordane fylkeskommune registrerer at mykje av forbetningsarbeidet etter forvaltningsrevisjon av kulturminneforvaltninga er ferdig gjennomført og malane som kontrollutvalet ba om er mottekne.*
2. *Vidare vert det registrert at fylkesrådmannen meiner at den planlagde gjennomføringa av kartlegging av kulturminne av regional verdi, jf. vedtak i fylkesutvalet i sak 83/17, er tilfredsstillande i ivareteke ved at arbeidet vert ferdig gjennomført i perioden april 2018 til november 2019.*
3. *Utvalet ber om ny status på oppfølging av denne forvaltningsrevisjonen, for det som gjeld kartlegging av kulturminne av regional verdi, i løpet av første kvartal 2019.*

Utvalet ba i KU-sak 28/18 om status på oppfølging av forvaltningsrevisjonen, for det som gjeld kartlegging av kulturminne av regional verdi, i løpet av første kvartal 2019.

2. Vurderingar og konsekvensar

Kontrollutvalet v/sekretariatet mottok statusrapport 28. mars 2019. Fylkesrådmannen gjer i rapporten greie for status for kartlegginga av kulturminne av regional verdi, og det arbeidet som ligg til grunn for denne kartlegginga.

Det er, iflg. fylkesrådmannen sendt brev til kommunane i fylket, til Musea i Sogn og Fjordane og til Fortidsminneforeninga for å få innspel og forslag til regionalt viktige kulturminne. Det er, etter å ha motteke innspel frå 12 kommunar, gjennomgang av eigne kulturminneplanar og eigen kunnskap, plukka ut om lag 200 kulturminne som aktuelle for å verdivurderast som regionalt viktige. Musea vil kome tilbake med ei liste over det dei meiner må prioriterast. Det er planlagt møte med Fortidsminneforeninga for å få innspel og forslag til regionalt viktige kulturminne derifrå.

Det skal i tillegg gjerast ei konkret verdivurdering i høve til eit utarbeidd sett av verdikriterier.

Fylkesrådmannen har teke kontakt med Hordaland fylkeskommune for å få i stand god informasjons- og kunnskapsutveksling i samband med dette arbeidet, noko som er tenleg i samband med arbeidet med regional planstrategi for Vestland fylkeskommune.

Sekretariatet vurderer tiltaka som er sett i verk i følgje statusrapporten frå 28. mars i retning av at vedtaket i FT-sak 10/17 til å vere ferdig oppfølgt.

3. Konklusjon

Kontrollsjefen vurderer vedtaket i FT-sak 10/17 til å vere ferdig oppfølgt.